



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Surnadal kommune - Norges småkraftverk AS. Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Vindøla kraftverk

Møre og Romsdal fylke har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

- Norges Småkraftverk AS vil utnytte fallet i Vindøla frå kotehøgde 269 ned til eit kraftverk på kote 42/43. Vindøla kraftverk er presentert i 2 alternativ.
- Maksimal slukeevne er på 13 m³/s. Dette er 260 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 5 m³/s. Minimum slukeevne er på 0,22 m³/s.
- Det er føresett minstevassføring på 5-persentilen sommar og vinter, rekna til 1,13 m³/s og 0,12 m³/s.
- Vassvegen blir lagt i tunnel. Alt. 1 har kraftstasjon i dagen, Alt. 2 i tunnel.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg på 200 m for Alt. 1 og 650 m for Alt. 2. Til inntaksdammen blir det bygt ny veg på om lag 65 m frå eksisterande skogsveg.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 61 GWh med installert effekt på ca. 24 MW.

Vurdering

Det føreslåtte konsekvensutgreiingsprogrammet omfattar dei viktigaste tema for vurdering av natur- og miljøinteressene i utbyggingsområdet. Dette er vi nøgd med.

I vår uttale til søknad om unntak frå Samla Plan peika vi særleg på verdiane knytt til elvejuv og bekkekløfter i området. Det blir vist til at rapporten frå bekkekløftprosjektet gir ei god oversikt over verdiane i området i dag. Etter det vi forstår er verdiane knytt til sjølve vassstrengen og næraste kantsone til elva lite undersøkt. Vi ser også at kommunen i si vurdering av utgreiingsprogrammet viser til manglande utgreiing av kva fuktig luft og vassprøyt frå Vindøla kan ha å seie for vegetasjon, mosar, lav og sopp i bekkekløfta. Vi ber om at dette blir tatt med i utgreiingsprogrammet.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over og ber om at det blir tatt omsyn til desse ved fastsetjing av det endelege utgreiingsprogrammet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.